

HØGSKOLEN I BERGEN



Funksjonsanalyse for tilbygg på område A1, Kronstad

03.05.2011 KG – prosjekt nybygg.

Funksjonsanalyse for kombinert kontor- og undervisningsbygg på Kronstad nord, felt A1.

1. Innleiing

I august 2014 vert Høgskolen i Bergen samlokalisert i nybygg på Kronstad. Nybygget er dimensjonert for å gje eit godt tilbod til ein studentflokk på 4400 og inneheld kontorarbeidsplassar for om lag 540 tilsette samla.

Denne føresetnaden galdt då forprosjektet vart godkjent i 2005. Byggeprosessen kom først i gang våren 2009. På dei fem åra som er gått sidan forprosjektet vart godkjent, har høgskolen vakse både når det gjeld studenttal og i tal på tilsette. I 2011 er det registrert 6398 eigenfinansierte studentar ved HiB og om lag 666 årsverk. Desse årsverka kan dekomponerast til om lag 705 – 710 tilsette, som har kontorarbeidsplass ved dei fem studiestadene som skal samlokalisrast. I dei bygga som står til rådvelde i dag, disponerer høgskolen om lag 68 000 m² (då er dykkarutdanninga ikkje rekna med), medan nybygget er dimensjonert til 48 000 m².

1.1 Studenttalet vil auke med 60% sidan nybygget vart dimensjonert.

Om vi ser for oss ei tilsvarende utvikling i studenttal og tilsettingar som frå 2005 til 2011, kan vi estimere ca 7100 eigenfinansierte studentar i august 2014 og om lag 720 tilsette med krav om arbeidsplass på campus, eller sagt slik: Frå 2005 til 2014 kan vi estimere ein auke i studenttal på om lag 60% i høve til det studenttalet som låg til grunn for forprosjektet. I denne samanhengen kan det vere verdt å nemne at departementet sjølv har initiert ein ikkje uvesentleg auke i studenttalet ved høgskolen etter at nybygget var ferdig programmert.

Om vi ser på rutemeterverdien pr student, finn vi at den vil den liggje på 6,78 m² i 2014, med andre ord om lag 4 m² under verdien i prosjektet frå 2005.

1.2 Nybygget vil ikkje kunne hyse alle.

Dei fakta som er presenterte ovanfor, gir klare haldepunkt for å hevde at nybygget ikkje vil ha kapasitet til å hyse alle tilsette og heller ikkje alle studentar ved innflytting i 2014. Risikoen er ein mangel på mellom 150 og 200 arbeidsplassar.

Når det gjeld spørsmålet om det er mogleg å tilby undervising i seminarrom/klasserom og auditorium til alle i nybygget innanfor eit tidsspenn mellom kl 08:15 og 15:50, viser simulering av studietilbodet H10 konvertert til Kronstad at dette *kan* vere mogleg. Men det må takast atterhald. Studiesituasjonen i 2014 vil vere annleis enn no. Særleg gjeld dette lærarutdanninga og førskolelærarutdanninga. Vi veit heller ikkje kva for konsekvensar ny rammeplan for ingeniørutdanninga vil ha, vi kjenner ikkje konsekvensane av samhandlingsreforma for helse- og sosialfaga, og dimensjoneringa av masterstudium er heller ikkje fastlagt. Det som simuleringa heilt klart viser, er at det etter 2014 ikkje er rom for vidare ekspansjon i studenttal i nybygget. Det vil med andre ord seie at eventuelle nye studium må etablerast på kostnad av andre. Dette har vist seg å vere eit vanskeleg politiske val. Eit anna

moment er at høgskolen ønskjer å satse på nye velferdsutdanningar fram mot 2020. Denne satsinga er det ikkje rom for innanfor tilgjengeleg areal i hovudbygget.

1.3 Supplerande bygg må kome.

Konklusjonen skulle difor gje seg sjølv: Det er behov for eit nytt bygg på Kronstad ved sida av det store hovudbygget som kjem i drift i august 2014. På tilstøytande tomteområde nord for hovudbygget er eit felt allereie regulert og klart for utbygging. Feltet ber nemninga A1, og tomtearealet er 2, 86 da. Her har Bergen kommune gitt grønt lys for eit bygg i 5 etasjar på til saman 11.444 m² BRA.

Høgskolen ser for seg at det kjem eit bygg som korresponderer med det store nybygget når det gjeld arkitektonisk utforming og indre struktur.

1.4 Styrevedtak

Høgskolen har vore aktiv både i høve til politisk leiing i eige departement og i høve til KUF-komiteen med tanke på å få finansiert bygging på A1. Styret har no i sak 37/11 fatta slikt vedtak:

1. Styret viser til premissane i saka, og ber om at det snarast vert oppført eit kombinert kontorbygg på feltet A 1 som eit første steg i vidare utvikling av HiB på Kronstad. Styret legg til grunn at kontorbygget skal stå ferdig rundt innflyttinga i nybygget i 2014.
2. Styret ber om at det vert lagt fram ein nærare analyse av ytterlegare behov for areal for studentar og tilsette framskrive til 2020.
3. Styret merkar seg at rektor vil fremja saka på etatsstyringsmøtet 06.04.2011.

Implisitt i omgrepet 'kombinert' kontorbygg ligg at ein ser for seg eit bygg som i hovudsak inneheld kontor, men at det også må leggjast til rette for andre aktivitetar. I det følgjande vil eit mogleg innhald verte beskrive.

2. Nye aktivitetar etter 2005

Sidan 2005 har mellom anna desse aktivitetane kome eller vil kome inn i høgskolen:

AI:

Ny rammeplan for ingeniørutdanning frå 2012.

- Bachelor/ingeniørstudium i undervassteknologi (lokalisert til Sotra no)
- Master Innovation and Entrepreneurship
- Master kommunikasjonssystem
- Master Programutvikling
- Master undervassteknologi

AHS:

Samhandlingsreforma vil få store konsekvensar for helse-og sosialfaglege utdanningar. Men kva som skjer, er ikkje avgjort (Det er varsla framlegging av ”Stortingsmelding om Velferdutdanningene” hausten 2011. Høyringsfrist var 18 Januar 2011)

- Jordmor: Dobla opptak og toårig studium
- Master i klinisk fysioterapi
- Master i klinisk sjukepleie
- Master i kunnskapsbasert praksis
- Master i samfunnsarbeid

AL:

Ny rammeplan for FøU frå 2012

- Bachelor i idrett
- Bachelor i folkehelsearbeid
- Bachelor i teiknspråk og tolking (ToT)
- Master i barne- og ungdomslitteratur
- Master i undervisingsvitenskap

Ny grunnskulelærerutdanning , 1 – 7 og 5-10.

Sentra:

- Senter for nyskaping
- Senter for kunnskapsbasert praksis
- Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon
- Senter for utdanningsforskning
- Senter for omsorgsforskning Vest

SA:

- Seksjon for forskning og ekstern samhandling med *forskningsadministrasjon og eksternt finansiert verksemd som nye element*
- Internasjonalt kontor
- Dokumentsenteret

Felles:

- Strategisk auke i talet på stipendiatar

Ingen av desse aktivitetane er med i funksjons- og romprogrammet for nybygget. Dei fleste studieaktivitetane på bachelornivå kan likevel få plass (med unntak for ToT). Den største utfordringa ligg i plassering av sentra og i å leggje til rette for auka tilfang av masterstudium og å ta vare på stipendiatar på ein god måte.

3. Innhaldet i eit nytt kontor- og undervisningsbygg

Ein kan sjå føre seg desse komponentane

1. kontor og eventuelt landskap
2. møterom
3. grupperom
4. seminarrom
5. auditorium
6. område øymerka sentera og Nyskapingsparken
7. sosialsoner
8. leseplassar øymerka masterstudium
9. tekniske areal, administrative areal, toalett, lager, oppbevaring
10. garasjeplassar

3. Kommentrar til dei einskilte punkta ovanfor:

3.1 Kontor og eventuelt landskap

Som vist til ovanfor, kan ein akutt mangel på kring 150 kontorarbeidsplassar påvisast utan at personalbehovet er framskrive til 01.08.14. Det må også leggjast til at ei i nybygget ikkje har lagt særskilt til rette for stillingar med rettleiingsplikt. Berre eit fåtal kontor – ca 15 stk - har eit areal på over 7,6 m². Rettleiarar må med andre ord klare seg med kontor på frå 7,5 til 8 m². Dette vert i knappaste laget for rettleiing av fleire enn ein student eller stipendiat samstundes. Eit nytt kontorbygg bør romme ei viss mengde kontor på 12 – 14 m². Det bør også etablerast minst ett landskap med plass til 12 – 16 personar som kan fange opp timelærarar og gjesteførelesarar. Det strategiske målet om å finne rom for fire doktorgrader, vil utløyse eit behov for 15 stipendiatstillingar for kvart område. Difor er det behov for minst 200 nye kontorarbeidsplassar.

3.2 Møterom

Bygget bør innehalde nokre møterom. Det er 22 slike rom til disposisjon i hovudbygget. Dette er knapt allereie, og behovet for slike rom er stort, sidan den gamle praksisen med eigne sosialrom/fellesrom for institutta, særleg i ingeniørutdanninga, no er falle ut. Behovet for møterom som samstundes kan tene som samlingsstader for institutta og seksjonane er presserande.

3.3 Grupperom

Simuleringa av timeplanen viser som nemnt at ein kan undervise om lag 2850 studentar samstundes i hovudbygget. Det er lagt til rette for eigenstudium for om lag 1500. Resten av studentane, dvs om lag 1300 (og 2300 i 2014), er det ikkje lagt til rette for. Eit kombinert bygg på A1 bør kunne tilby leseplassar for i alle høve 50 – 60% av denne flokken. Det står allereie 86 grupperom til rådvelde i hovudbygget. Men nye studiemetodar gjer at dei fleste av desse romma vert bunde opp i periodar. Til dømes har sjukepleiarutdanninga eit permanent behov for om lag 60 grupperom, ingeniørutdanninga tidvis (store delar av vårsemesteret) behov for inntil 70 rom og AL 20 - 25. Det er akutt behov for å auke talet på grupperom samla til minst 160 på campus.

Samstundes kan det vere vel verdt å minne om ei av føringane i det originale funksjonsprogrammet for nybygget. Det heiter:

"Det er ønskelig at studentenes selvstudium kan foregå i høgskolens lokaler for å få et pulserende studiemiljø. Det vil øke kvaliteten på utdanningen idet studentene dermed får erfaring med:

- samarbeid i grupper
- sosial trening
- egen studietrening
- læring av medstudenter
- tilgang på ressurser som bibliotek, mediesenter etc.
- erfaring i informasjonssøk

Dette er en vesentlig del av profesjonsrettet utdanning og gir nødvendig erfaring for å utøve fremtidig yrke."

Det vil gå fram av vedlagt romprogram at ein føreslår 24 grupperom med plass til 15 studentar. Dette er gjort med grunnlag i behovet helsefaga har for slike rom.

3.4 Seminarrom (klasserom)

Viss ein tenkjer at høgskolen skal auke studenttalet etter 2014, er det behov for fleire undervisningsrom i storleik 80 – 90 m². I hovudbygget er det 34 'tørre' klasserom som til saman kan hyse vel 1400 studentar. (Dette volumet er mindre enn det Avdeling for ingeniørutdanning åleine rår over i dag). Ein tilvekst på 10 rom vil kunne hyse 360 studentar.

3.5 Auditorium

Hovudbygget har om lag 1700 plassar i auditorium. Men då er kultursalen medrekna. Det er vel ei ålmenn oppfatting at denne salen bør skånast mest mogleg for undervising og vere den representative storstova den er meint som. I så fall kan vi rekne med at om lag 1400 plassar står til rådvelde i 15 auditorium. Bygget på A1 bør kunne romme auditorium til 5 – 600 studentar. Dette vil avlaste kultursalen monaleg.

3.6 Område øymerka sentra og nyskapingsparken

Det er etablert til saman fem senter tilknytt høgskolen. Desse er anten i etableringsfase, eller er komne godt i gang. Storleiken varierar. Viss høgskolen meiner at sentera bør identifiserast tydeleg på Kronstad, må dei få ei plassering som sender ut markante identifikasjonssignal. Sentra bør tilordnast kontorarbeidsplassar for fast tilsette, prosjektmedarbeidarar, stipendiatar og gjesteførelesarar. Det bør også vere tilordna eigne kurs- og konferanserom. I tillegg bør ein bu seg på å flytte Nyskapingsparken frå Marineholmen og til Kronstad. Det kan vere naturleg å gjere dette i samarbeid med SIVA, jf møte rektor og direktør har hatt med selskapet om saka.

3.7 Sosialsoner

Mange opplever det som uvant at det i hovudbygget ikkje er etablert sosialsoner for institutt og seksjonar slik som i dag på somme studiestader. Kafeområda i hovudbygget kompenserer langt på veg for denne mangelen. Ofte er det slik at jamvel om ein ikkje legg til rette for treffstader i eit bygg, vil slike verte etablerte likevel. Då er det like greitt å programmere og etablere minst to treffstader/sosialsoner. Desse bør ha same utstyr som kafeane på plan 3 i hovudbygget.

3.8 Lesesalplassar øymerka masterstudium

I hovudbygget er det lagt til rette med leseplassar for 120 masterstudentar på dei tre mezzaninane på plan 2 i Hus 2. Noko meir tilrettelegging for denne studentkategorien finst ikkje. Krav til fordjuping, oppgåveskriving etc, og at talet på masterstudentar vil stige monaleg, gjer at ein større grad av øymerka arbeidsplassar må etablerast. Ein minner om at korridorane skal tene som lesearenaer i hovudbygget. Dette kan sikkert vere greitt for bachelor-, men altså ikkje for masterstudentane. Det er liten tvil om at det må satsast relativt tungt på sistnemnde kategori i framtida, jf Strategisk plan 2011 – 2016.

3.9 Tekniske areal, administrative areal, toalett, lager og oppbevaring

Dette gjeld kopirom, toalett, depot, reingjeringsrom (bøttekott), underfordelingsrom, driftslager osv. Ein mogleg eigen ekspedisjon bør også vurderast.

3.10 Garasje plassar

Bergen kommune opererer med ein norm på 0,7 plassar pr 100 m² bruksareal i kontorbygg. Om vi reknar kontordelen av bygget på A1 til eit BRA på 3500 m², vil dette innebære ei godkjenning av 24 parkeringsplassar i garasje. 3 av desse plassane må vere HC. Ein føreset at det også vert lagt til rette for parkering av sykklar og MC i kort avstand frå bygget.

4 Til slutt

Høgskolen i Bergen har dei siste åra opplevt ei tilstrøyming av studentar som ikkje har sidestykke i skolen si historie. Samstundes har undervisingspersonalet i større og større grad auka forskingsprosenten i stillingane sine, medan kravet om kvalitet i undervisinga gjer at studentane forventar større lærarkontakt enn før. Dette til saman gjer at talet på stillingar også aukar. Desse to faktorane forklarar langt på veg kvifor nybygget på Kronstad ikkje kan hyse alle.

Departementet seier det slik i eit notat frå 2002:

”Vi har også erfaring for at det er plass til flere i disse anleggene (dvs nye høgskolebygg, sha) enn det de blir programmert for. Derfor trenger vi ikke bekymre oss om tilleggsareal før det aktuelle studenttallet overstiger 10-20% av det programmerte. (Programmering av universitets- og høgskolebygg, s13. Des 2002)

Vi er heilt samd med departementet i dette. Men når studenttalet ved Høgskolen i Bergen overstig programmert tal med 60 %, meiner vi at det er heva over rimeleg tvil at vi treng eit tilbygg, som bør står klart på Kronstad hausten 2014.

Vedlegg.

Rammeprogram tilbygg